

Kort kommentar til NOU 2009:18 "Retten til læring"

Kommentar til nokre av utvalets strategier og forslag:

Utvalet foreslår at "Retten til spesialundervisning erstattes av en rett til en ekstra tilrettelegging i opplæringen". Dersom skole, Ppt og foresatte er enige om tiltaket, trengs det ikkje sakkunnig utgreiing. Dette kan vere tilstrekkeleg saksgang i mange tilfelle og vil såleis frigjere ressursar i Ppt systemet. Samtidig vil det vere behov for å sikre elevar og foreldre rutinar som ivaretek retten til forsvarleg opplæring og ressursar til dette formålet. Det er viktig at retten til sakkunnig utgreiing står ved lag dersom foreldra krev det eller skulen meiner det er ønskjeleg. Når det gjeld avsnittet der det står at PP-tenesta i større grad skal vere tettare på barnehagar og skular, og vidareutvikle kompetanse på læringsmiljø, problematferd og samansette vanskar, er dette ei utvikling vi har sett meir av dei seinare åra i vår kommune. Denne utviklinga og dette forslaget ser vi på som positivt.

Vi er kritiske til å innføre læringsbok som felles verkty for tidleg innsats og oppfølging. Ideelt sett eit bra tiltak, men sett i lys av dei siste meldingane om tidsbruk i barnehage og skule, trur vi dette vil auke byråkratiseringa både for førskulelærarar og lærarar i for stor grad. Med den arbeidsbøra førskulelærarar og lærarar har i dag, trur vi det er urealistisk og unyttig tidsbruk å ha ei bok som skal følgje "barnets utvikling, læring og læringsmiljø gjennom barnehage, grunnskule og vidaregåande opplæring". I tillegg til å føre til ei ytterlegare byråkratisering av undervisningsarbeidet er det grunn til å stille spørsmål om forvaltningsmessige sider ved ei slik ordning.

Vi ser positivt på at ein vil ha auka kompetanse på alle nivå. "Den allmenne kvalifisering i relevante grunnutdanninger styrkes ut fra behovet for kompetanse knyttet til ekstra tilrettelegging i opplæringen, herunder spesialpedagogiske emner". Dette er vi samde i.

Utgreiinga peikar på at det er om lag ein tredel av spesialpedagogiske tiltak vert utført av assistentar. Dette kan vere hensiktsmessig i mange tilfelle, men det vil vere svært uheldig dersom dette vert gjort for å spare ressursar. Mange tiltak krev tvert imot personale med særskilt kompetanse.

Vi er og einige i at spesialundervisninga kjem i gang for seint i mange tilfelle, og at det i større grad trengs ei meir systematisk vurdering og tidleg innsats, bedre kartleggings- og oppfølgingsverkty. Framfor alt krevs det gode rutinar for sikring av overgangane mellom barnehage - grunnskule - ungdomssteg- vidaregåande skule.

Vi trur og at den auka teoretiseringa med bortfall av valfaga er medverkande årsak til at så mange gutar ser ut til å trenge spesialundervisning. (69 % av elevane med spesialundervisning er gutar). Bruk av fleire læringsstilar, tidleg innsats, meir praktisk tilnærming til ulike fag, meir fysisk fostring, tilbod om valfag, i det heile større grad av variasjon i undervisningstilbodet trur vi vil kunne gje eit betre skuletilbod generelt og gjere behovet for spesialundervisning mindre.

Flora ungdomsskule 23. november 2009.

Plangruppa